

★ Slik såg Ullahammaren ut i 1880-åra. Per Ulla viser fram modellen han har laga av den kjende handelsstaden.

Ullahammaren i lite format

Sunnmørsposten 1979

KARI GISKE
FOTO: ROGER ENGVIK

Alt menneskeverk som ikkje vert halde ved like, forsvinn. Sakte, men sikkert erobrar naturen tilbake tapt terreng. Litt blir ståande att og vitnar om at her dreiv menneska med noko. Slik som på Ullahammaren på Haramsøy. Ein gong – frå slutten av 1700-talet og framover til 1880-åra – ein kjend og livleg handelsstad. Her var samlingsplass for fiskarane, her var det saltebuder, tranbrenneri, brennevinshandel og liv og røre.

No – omtrent hundre år etter – er det ikkje stort att av desse bygningane. Byen trakk det lengste strået i kampen om fiskarane, og anlegget vart etter kvart overgitt til ver og vind. Men Per Ulla, som er tannlege i Ålesund, har bygd opp att husa slik dei

sag ut i denne tida. Han har bygd opp att Ullahammaren. Rett nok i mindre målestokk, men elles er alt slik det var, til minste detalj.

– Når det gjeld husa, så hadde eg gode teikningar å gå etter, fortel Per Ulla. – Men måla var oppgitt i alner, så det fyrste eg måtte gjere, var å rekne om alt til meter. Verre var det at der ikkje finst kote-kart over terrenget. Men eg vaks opp der ute, og kjenner såleis kvar ein stein.

– Men i barndomsminna er der andre dimensjonar på ting – det som ein hugsar som ei stor og farleg elv, er berre ein liten bekk når ein vert vaksen. Det bratte stupet viser seg seinare å vere berre eit par meter høgt, og den kjempedigre steinen som var så vanskeleg å koma opp på, skrumpar kraftig inn med åra. Korleis kan ein då få rette storleiken på ting?

– Du veit – eg har hus der ute, og er der kvar sommar, så det

har ikkje vore noko problem, seier han. – Eg har sett det med vaksne auge. Forresten brukte eg fotoapparatet mykje – tenkte at bileta skulle vere til hjelp. Men bilete er så flate, så vart det hukommelsen eg måtte ty til, likevel.

For ein som har vore på Ullahammaren berre ein gong, er det umogleg å vere kontrollør. Men det ser rett og naturleg ut, alt saman. Fjøresteinane, taren – dei små nausta, og den vesle smia med skorstein på. Fjøre sjø, ser det ut til. Modellen er plassert på ei glasplate, og av og til speglar bygningane seg i «vatnet».

Terrenget er oppbygd av treplater som er sparkla etterpå, og knausane er skorne ut av balsatre og måla slik at ein må ta på dei for å vere sikker på at det ikkje er stein. . . . Til husa er det også brukt balsa – denne lette og villige tresorten som ein kan

gjere nesten kva ein vil med. Vindauge og dører er plassert på millimeteren der dei skal vere.

– Det tok eit par tre år frå eg byrja til eg var heilt ferdig, seier Ulla. – Men eg arbeidde ikkje heile tida. Når eg stod fast og ikkje kom lenger, tok eg meg ein pause og venta på «ånda». Utan den går det ikkje! Eg hadde heller ikkje vore borti modellbygging før, så det vart nokre problem å løyse undervegs. Det å bygge opp terrenget tok si tid – når eg forandra på noko eg såg var gale, forandra eg samstundes på ting som eg var fornøgd med. Det skulle passe i alle retningar, så det vart mykje eksperimentering. Men rett måtte det vere! For ein som er oppvaksen der, ville det vere plent umogleg å gå og sjå på noko som ikkje var som det skulle. Då hadde eg vorte galen! seier han og smiler.


Likeins var det ikkje heilt lett å setje husa rett i terrenget. Når det såg bra ut frå ein kant, var det noko i vegen på dei andre, og når eg flytta på dei, vart det omvendt. . . .

Men alt går når ein tar tålmodet til hjelp, og i 1978 var han endeleg fornøgd. Då hadde han også prøvd seg med pensel og oljefargar for å legge siste hand på verket. Det hadde han heller aldri prøvd tidlegare.

– Eg prøvde å få fram fargane slik dei er tidleg om våren, seier han. – Litt bleike, slik dei er før det har begynt å bli grønt. . . .

Eg har forresten ikkje hatt han framme på eit år, kjem det så. – Her skulle kanskje ha vore nokre båtar. . . .

Han betraktar verket sitt med andre auge, plutsleg. Er det «ånda» som har vakna? Men båtar eller ei – Ullahammaren slik som han ein gong var – rundt 1880 – er i alle fall bevart for ettertida!



★ Modellen sett frå nordaust. Lengst til høgre Hellevik-naustet, som har platting mot sjøen og dør på langveggen, mot Petter-støa. Dei tre små buene til venstre for støa er ikkje med på lista over bygningar som hørde handelstaden til. Så kjem ei sjøbu med platting, og lengst til venstre Jubb-buda.